

Samarbeidsavtale om felles klagenemnd for fagskuleutdanning

Denne avtalen omhandlar felles klagenemnd for Fagskolane i Hordaland og Yrkesdykkerutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet. Avtalen regulerer organisering av klagenemnda, sakshandsaming av klagesaker og enkeltvedtak, samt kostnader knytt til klagehandsaming.

Organisering av klagenemnda

Styra for Fagskolane i Hordaland og Høgskulen på Vestlandet er ansvarleg for å vedta éin felles instruks for felles klagenemnd, samt samansetning av klagenemnda. Det einskilde styre er ansvarleg for å vedta forskrift jf. fagskulelova. Organisering og samansetning av klagenemnda kjem fram av eigne dokument som vedlegg til denne avtalen. Likevel regulerer denne avtalen at det er ønskjeleg at minimum éin student og éin tilsett i klagenemnda skal representere kvar av utdanningsinstitusjonane. Hordaland fylkeskommune er ansvarleg for å ivareta leiarmedlem med personleg vara som har naudsynt juridisk kompetanse. Samansetninga av klagenemnda vil verte endra frå år til år i høve til studentrepresentantane.

Sakshandsaming

Hordaland fylkeskommune ved opplæringsavdelinga er ansvarleg for å førebu saker om klager og enkeltvedtak til klagenemnda på vegne av begge utdanningsinstitusjonane.

Kostnader knytt til klagehandsaming

Medlemmer av klagenemnda som er tilsett ved utdanningsinstitusjonane vert ikkje gjeve kompensasjon for arbeid i klagenemnda.

Studentrepresentantane vert gjeve møtegodtgjersle og eventuell kompensasjon for kostnader knytt til reise og tapt arbeidstid. Møtegodtgjersle er på dette tidspunkt kr 778,-, og statens reiseregulativ vert lagt til grunn for reiser.

Administrative kostnader knytt til tilsette ved Hordaland fylkeskommune (leiar, evt. vara for leiar og sakshandsamar) vert dekt av den institusjonen som har sak til handsaming.

Administrative kostnader ved klagehandsaming er kr 4349,- pr. klage.

Hordaland fylkeskommune er ansvarleg for å betale ut godtgjersle til studentrepresentantane. Høgskulen på Vestlandet vert fakturert éin gong i året i høve til talet på klagar som er handsama av den felles klagenemnda på vegner av høgskulen.

Andre tilhøve

Denne avtalen vert revidert éin gong i året og gjeld inntil ein av partane seier opp avtalen.

Kontaktpersonar:

- Adeline Berntsen Landro
Opplæringsavdelinga, Hordaland fylkeskommune
- Finn Hansen
Yrkesdykkerutdanninga, Høgskulen på Vestlandet

Dato: _____

Dato: _____

For Hordaland fylkeskommune

For Høgskulen på Vestlandet